

Studenttinget 2016/2017

Referat 3. møte

Tid	26. oktober 2016 kl.17.00 – 19.45
Stad	Strøm 243
Til stades med stemmerett	AHL: Trym Nikolas Rimmen, Nikolai Bjørnevik Flisnes AMF: Bernt Inge Berge, Sindre Reinholt AKF: Herman Bjørneset Jensen, Christian Tang Christiansen ASH: Oda Skoglund, Silje Brekka FHV: Toril Hagen, Liv Aaberge, Guro Kvist
Til stades utan stemmerett	Arbeidsutvalet: Karoline Strand (leiar), Natalia Ramirez Garcia (Internasjonalt ansvarleg), Marie Havnsund (Entreprenør og næringslivsansvarleg), Lisa S. Kalvø (fagansvarleg/nestleiar), David Fiskaa (velferdsansvarleg), Håvard Bjørnerem (informasjonsansvarleg) Andre: Tormod Smedsvig (Høgskulestyret), Eirik Nybø (kontrollutvalet), Nikolai Hannevik Nordlid (ordstyrar), Ina Flø (referent)

Sak 00 – 16/17 Konstituering

Arbeidsutvalet innstiller Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Ingen innvendingar mot dette.

Vedtak: Nikolai blei valt som ordstyrar

Sak 01 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Ingen merknadar

Vedtak: innkalling og referat er godkjent

Sak 02 – 16/17 Godkjenning av sakliste og dagsorden

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Ingen merknadar

Vedtak: sakliste og dagsorden er godkjent

Sak 03 – 16/17 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Orientering AU

- Vi var med på TV-aksjonen og tente inn 60 000 kr. Ein del studentar var bøsseberarar også.
- Det har vore temadag med sosialt entreprenørskap. Kom 3 forelesarar som heldt gode foredrag. Dessverre kom det ikkje so veldig mange studentar. Vi vil oppfordre dykk til å dele meir aktivt arrangementa og å møte opp på dei arrangementa som STiV arrangerar.
- På måndag var det møte med lag og organisasjonar.
- Vi har fått nesten eit fullt faddervekeestyre. Vi manglar tilbakemelding frå ein person. Dersom den personen ikkje vil ta denne stillinga blir den utlyst på nytt. Nikolai Hannevik Nordlid er leiar, Karoline Strand er sponsoransvarleg, Mats Hjelmeland PR-ansvarleg og Sondre Styrk er fadderansvarleg.
- På måndag er det møte med tillitsvalte.

Orientering frå Høgskulestyret

Det er styreseminar i morgon der både studentrepresentantar og vara skal delta.

Høgskulestyremøtet er på fredag. Vi har halvveis fått gjennom saka vår om å betre dei økonomiske vilkåra for Studenttinget. 50% honorert stilling til leiar i STiV. Vi har tenkt å respektere dette forslaget og ikkje argumentere for å få 100% slik vi i utgangspunktet ønska.

Studentsamskipnaden for Sunnmøre.

Tormod var på møte i samskipnadsrådet der alle skipnadane i landet samlast .Dette er 2 gangar i året.

Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Sak 14 – 16/17 Valt eller tilsett rektor

Type sak: Vedtaksak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Vi hadde ekstraordinært studenttingsmøte for to veker sidan der dette blei diskutert. Planen i dag er å kome fram til ei einigheit om dette.

Aktiv votering

Vedtak: *Fleirtal for tilsett rektor*

Sak 15 – 16/17 Ein grønare høgskule

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: David Fiskaa

Kva tiltak bør gjørast for å gjere HVO til ein grønare skule?

- Bruke PC og ikkje papirutskrifter
 - Får ikkje bruke PC i mange emne på GLU
 - I strategisk studienemnd blei dette tatt opp. 8 november blir det arrangert datakurs for foreleserane. Det er satt på agendaen.

- Utanfor Strøm bygget er det resirkuleringsbøtter. Dette burde det vore fleire av på skulen.
- Pantering på bossbøttene.
- Parkeringsoblat slik ikkje alle som bor nært skulen treng å kjøre til skulen.
- Bruke resirkulert papir.
- Tilrettelegging for Elbilar på høgskulen med ladestasjonar.
 - o Det er allereie ein del ladestasjonar
 - o Det er meir populært å bo i bilar. Desse vil parkere der det er straum.
- Oppfordre til å få betre kollektivtrafikk som går betre opp i Bratteberg slik dei som bor langt unna har eit anna alternativ enn å køyre.
- Opprette samkjøring til skulen.
 - o Dersom det er med betaling er dette ikkje lovleg.
 - o Det fins ei samkjøringsgruppe på facebook.
- Leige sykklar.
 - o Bruke studentkortet for å få låne sykklar for å ha oversikt over dette.
- Sensor på lys. Mange skrur ikkje av lysa.

Dette skal takast opp i LMU, og gi det vidare til Pernille som jobbar med dette.

Det er ikkje vedtak i diskusjonssaker

Sak 16 – 16/17 Studentposar

Type sak: Vedtaksak
Sakshandsamar: Marie Havnsund

Muligheit for å legge ved informasjon om lag og organisasjonar i posen.
Med ein Volda pose får vi rabattar som vi faktisk kan bruke. Slik det er no kan vi ikkje bruke nokon av rabattane.

Det kan vere ei stor inntektskjelde for STiV dersom vi klarer å selje det inn på rett måte. Det er eit godt reklamemiddel for dei lokale bedriftene som fins i området.

Endringsforslag til vedtak: stemmer for at Studenttinget går bort frå studentposar, og jobbar med å få ein lokal Volda pose som også inkludera informasjon om lag og organisasjonar.

Lag og org vil få reklamere i Volda posane gratis, men dei må dekke prisen for trykking. Det er ganske mange posar.

Prøve å inkludere litt kultur. Golfbane, Ivar Aasen tunet, tennisbane og liknande som ikkje alle studentar veit om.

Kvalitet framfor kvantitet.

Forslag til vedtak: Studenttinget går vekk frå studentposane og fokusera på å få ei ordning med lokale gode tilbod og varer i ein eigen Volda pose. AU skal jobbe vidare med dei innspela som har kome fram på møtet.

Vedtak : Einstemmig for å gå vekk frå studentposane.

Sak 17 – 16/17 Studenthelse

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: David Fiskaa

Kva meina vi bør ligge i eit slikt omgrep?

- Økonomi gjer helsesituasjonen til studentar vanskeleg. F.eks. tannlege blir veldig dyrt som studentar kanskje ikkje tar seg råd til.
- Psykisk helse bør definerast.
- Alt som har med kroppen å gjer. Når slutta tennene å ver ein del av kroppen.
- Studenthelse er korleis den psykiske og fysiske helsa til studentane er. Særleg med tanke på dei økonomiske rammene vi har.
- Få inn eit sosialt omgrep med det som har med det mellommenneskelege å gjer.
 - o Bruke eit psykososialt omgrep for å inkludere både sosialt og psykisk.
- Søv, alkohol og rus.

Vedtak: Ingen vedtak i diskusjonssaker.

Sak 18 – 16/17 Ymse

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Utval for tilsettingsrådet til direktør

Kvifor blei det gjort på denne måten?

Det å skulle stemme på sin eigen leiar kjennes litt rart. Vi burde eigentleg ikkje tatt denne avgjerla. Synes det skal kome ei ordning på korleis vi skal gjer slike avgjersler ved ei seinare anledning. Det er sjølv sagt Studenttinget som skal bestemme slike ting. Leiar av STiV har også moglegheit til å stille til slike val.

Det er ikkje mogleg å sette ein mal fordi det er så veldig mange ulike utval som må behandlas på litt ulike måtar.

Det er stor forskjell på å velje representant til eit so viktig utval enn små utval som AU ofte må velje representantar til.

Avdeling for Mediefag etter nyttår vil mangle vertfall ein vara.

Dette gjelder for frie representantar også.

AU er klar over dette.

Bananflue i 1 og 2 etg på Kaarstad for to veker sidan.

Dårleg reinhold?

Pensum lister

Pensum listene må kome tidlegare. JOU100 fikk pensum lista førre veke.

Dersom slike ting skjer, treng vi nøyaktig emnekode og namn på emneansvarleg slik Karoline kan gå direkte til personen det gjelder.

Oppfølging/retteiing til råd og utval

Saknar retteiing til dette anna enn den teksta som stod i sakspapira når vi stilte til val.

Kva for nokre saker skal vi jobbe for, skal vi ha uttale frå STiV om dette. Føler vi jobbar for STiV i denne situasjonen.

Leiinga har eigentleg ansvar for opplæring. Dette må takast opp med sekretæren for dei ulike utvala.

VSI ønska å arrangere eit svært meisterskap neste år.

Treng hjelp til dette.

Vil ta dette som ei sak på neste møte.